



Byglandsnytt nr.26 – oktober 2021

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 1. november - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 28.10. - Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

Sentralbord: tlf. 37 93 47 00 - måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00

NAV: tlf. 55 55 33 33 - måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Rettleiingssenter i Bygland: drop-in uten timeavtale torsdag kl. 12.00–14.00

Legekantoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekantor

Byglandsfjord legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Folkebiblioteket i Bygland (Merk! litt endring i opningstidene)

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar:

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 11.10. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 11.10. kl. 15.30
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 12.10. kl. 12.00
- **Formannskapet:** 19.10. kl. 12.00
- **Levekårsutval:** 25.10. kl. 17.00
- **Kommunestyret:** 26.10. kl. 13.00

Ledige stillingar

Bygland oppvekstsenter søker nye tilkallings-/ringevikarar

Har du lyst til å jobbe med barn og unge i Bygland? Ynskjer du ein fleksibel deltidjobb? Bygland oppvekstsenter med barnehage og skule er på utkikk etter fleire ringevikarar. Det er ynskjeleg med relevant erfaring og kompetanse, men ikkje eit krav.

Vi søker etter deg som er ansvarsfull, raus og tolmodig i møte med barn. Du er ein trygg og god rollemodell for barna, og er god til på å skape relasjonar på kort tid.

I tillegg er du opptatt av at alle skal trivast. Er du i tillegg fleksibel, og kan stille på kort varsel vil vi gjerne høyre frå deg.

Ta kontakt med Sigrid Greibrokk i barnehagen på tlf.: 957 46 056 eller Bjørg Maren Lauvdal på skulen på tlf.: 952 26 757. Vi høyrer gjerne frå deg!

Stillingsannonser i Bygland kommune finn du på kommunen sin heimesida: www.bygland.kommune.no – Ledige stillingar

Kunngjeringar

Ingen kunngjeringar for tida

Rettleiar til fornærma i straffesaker

Rettleiaren inneheld informasjon til borgarane vedk. prosessen ved sak meldt til politiet, etterforsking og erstatningskrav for dei som er utsette for partnervald, valdtekt og andre seksuelle overgrep.




I rettleiaren har dei samla svar på vanlege spørsmål frå dei som er utsette for alvorlege straffbare forhold, og nokre nyttige erfaringar.

Rettleiaren er utarbeidd av www.overgrep.no i samarbeid med Landsforeningsen for voldsopfre og Utsattmann.

Du finn rettleiaren på Bygland kommune sin heimeside

KORONA

Nasjonale råd og reglar som gjeld i normal kvardag med auka beredskap



Når myndighetene sine råd og reglar i hovudsak forsvinn, kan den enkelte sjølv velge kva risiko ein vil ta og kva tiltak ein vil praktisere

Avvikling av tiltak som nasjonale råd eller reglar står ikkje i vegen for at enkeltpersonar kan velge høgare beskyttelsesnivå for seg sjølv. Til dømes kan dei som ønskjer større beskyttelse mot luftvegsinfeksjonar, velge å halde meir avstand til andre og sjølv bruke munnbind.

Tiltak	Råd og reglar
Handhygiene	Vask hendene ofte. Bruk såpe og vatn eller alkoholbasert handdesinfeksjonsmiddel
Hostehygiene	Bruk papirlommetørkle eller albukroken når du hostar eller nys. Kast lommetørkleet og vask hendene etterpå
Råd ved luftvegssymptom	Råd ved nye luftvegssymptom (feber, hoste, sår hals, tap av lukt- og smaksans, nedsett allmenntilstand): <ul style="list-style-type: none">• hald deg heime• test deg for covid-19. Dette gjeld først og fremst ungdom og vaksne. Testing av barn kan bli vurdert i samråd med føresett, t.d. om barnet får nye symptom etter nærkontakt med stadfesta tilfelle. Kva tid kan du vende tilbake til jobb, skole etc.? <ul style="list-style-type: none">• Ungdom og vaksne bør ha ein negativ covid-19-test før dei vender tilbake• Om symptoma forsvinn helt etter ein dag, kan du vende tilbake til jobb og skole

	<ul style="list-style-type: none"> • Ved vedvarande symptom bør du bli heime til allmenntilstanden er god, symptomata er i tilbakegang og du har vore feberfri i 24 timar, utan bruk av febernedsettande preparat. I dei fleste tilfelle bør du halde deg heime i eit par dagar • Ved meir alvorlege eller vedvarande symptom, kontakt lege for vurdering <p>Når du har testa negativt for covid-19, symptomata er milde og allmenntilstanden ikkje er påverka, treng du ikkje halde deg heime.</p> <p>Ungdom og vaksne kan gå tilbake til skole/jobb når dei er i betring, eller same dag som dei blir testa, dersom indikasjon for testing var milde og symptomata vage.</p> <p>Du kan gå tilbake til skole/jobb sjølv om du har restsymptom som rennande nase eller lett hoste.</p> <p>Det kan gjeld eigne råd for helsepersonell og enkelte andre yrkesgrupper.</p> <p><u>Særskilt for barn i barnehage og barneskolealder:</u></p> <p>Barn som kun er snørrete, har tett nase eller kroniske luftvegssymptom, treng ikkje halde seg heime. Barn med nye symptom som feber, hoste, sår hals og nedsett allmenntilstand, bør vere heime og kan gå i barnehage/skole når dei er i betring. Dette gjeld sjølv om barnet framleis har nokre symptom, slik som rennande nase eller legg hoste.</p>
Testing	<p>Følgjande personar blir tilrådd å teste seg:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle med nye luftvegssymptom eller andre symptom på covid-19, uavhengig av vaksinasjonsstatus • Uvaksinerte medlemmer av husstanden eller tilsvarande nære til ein som er smitta • Øvrige uvaksinerte nærkontakter

	<p>Utvida jamnleg testing blir fasa ut. Bruk av meir tidsavgrensa jamnleg testing kan bli vurdert i situasjonar med utbrot. Om det er større utbrot, kan jamnleg testing i samsvar med FHI si faglege rettleiing vere hensiktsmessig. Til dette føremålet er sjølvtestar ein tilrådd testmetode.</p> <p>Om du testar positivt på ein sjølvtest, tilrår ein å ta ein PCR-test for å stadfeste testresultatet.</p>
<p>Isolering ved smitte</p>	<p>Det er krav om at personar som er stadfesta smitta av covid-19, skal isolere seg. Dette gjeld og for vaksinerte. Å isolere seg inneber å halde seg i eigen heim eller på eit anna eigna opphaldsstad isolert frå andre, så langt som mogleg frå andre i samme husstand.</p> <p>Personar som er heimeisolerte, kan avslutte isoleringa 5 døgn etter symptomdebut under føresetnad av at dei har vore feberfrie i minst 24 timar, utan bruk av febernedsettande preparat.</p> <p>Om den som testar positivt ikkje er fullvaksinert og heller ikkje har symptom på luftvegsinfeksjon, tel ein 5 døgn frå testdato.</p> <p>Ein tilrår ikkje testing på fullvaksinerte personar utan symptom. Om dei likevel skulle teste positivt, bør dei halde seg isolert i 2 døgn med tanke på eventuell symptomutvikling.</p>
<p>Smittesporing</p>	<p>Kommunane si rutinemessige smittesporing, bør kun omfatte medlemmer av husstand og tilsvarande nære, slik som kjærastar.</p> <p>Om du er smitta, eller føresett til ein som er smitta, blir du oppmoda til å varsle dine nærkontakter og oppmode til testing.</p> <p>I helse- og omsorgsinstitusjonar og heimetenester, bør det bli gjennomført smittesporing i samsvar til eigne rutinar.</p>

<p>Råd til nærkontakter</p>	<p>Uvaksinerte medlemmer av husstanden og tilsvarende nære kontakter til kjente smitta blir tilrådd å avstå frå kontakt med andre i 7 dagar eller til å teste seg.</p> <p>Om du ikkje blir utsett for vidare eksponering, kan du i staden for å avstå frå kontakt med andre, velge å teste deg regelmessig. Det kan anten skje ved:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. dagleg sjølvtesting i 7 dagar 2. PCR-test annankvar dag i 7 dagar <p>Vaksinerte medlemmer av husstanden eller tilsvarende nære blir ikkje tilrådd å avstå frå kontakt med andre, men bør teste seg ved symptom.</p> <p>Personar som er nærkontakter, men som ikkje er medlemmer av husstanden eller tilsvarende nært, blir oppmoda til å :</p> <ul style="list-style-type: none"> • Teste seg så fort dei er informert om at dei er nærkontakter • Avgrense sosial omgong inntil negativt testsvar ligg føre • Følgje godt med på eventuelle symptom i 10 dagar etter nærkontakten • Ha låg terskel for å teste seg på nytt ved symptom <p>Kommunelegen kan gjere vurderingar rundt bruk av og tilrådingar om karantene.</p>
<p>Munnbind</p>	<p>Tilråding/påbod om bruk av munnbind kan bli brukt som eit lokalt tiltak ved behov. I helsetenesta er munnbind eit viktig smittevernstilltak.</p>

Helsedirektoratet informerer: Nedjustert TISK i normal kvardag med auka beredskap

Normal kvardag med auka beredskap er innført laurdag 25. september kl. 16. Som ei følgje av dette er innhaldet i nedjustert TISK endra. Nedjustert TISK vil vara om lag 4 veker inn i normal kvardag med auka beredskap.

Med nedjustert TISK i normal kvardag med auka beredskap blir det innført ytterlegare lettelsar enn tidlegare formidla. Plikta til smittekarantene opphøyrer for alle. Plikta til isolasjon blir forskriftsfesta verande.

Nedjustert TISK i normal kvardag med auka beredskap vil minska tiltaksbyrden i kommunane.

Faglege råd om testing og sosial kontakt

I nedjustert TISK i normal kvardag med auka beredskap vil plikta til smittekarantene for alle opphøyra og erstattast av faglege råd. Når karanteneplikta opphøyrer, fell karantenen bort òg for dei som har nokre dagar igjen av ein karantene.

Det blir framleis anbefalt låg terskel for å testa seg ved symptom, også for fullvaksinerte og dei som har gjennomgått covid-19.

Kommunane kan vedta lokale forskrifter, til dømes om karanteneavgjerder.

Råd og oppmodingar for ulike grupper:

Husstandsmedlemmer og tilsvarande nære

Uvaksinerte eller personar som ikkje har gjennomgått covid-19 siste 12 månader blir anbefalte å testa seg i eit av følgjande testregime:

1. Dagleg sjølvtesting frå fremre nase med antigen hurtigtester i 7 dagar
2. NAT/PCR-test annankvar dag i 7 dagar

Dagane blir talde frå når den smitta blir isolert.

Viss ein ikkje gjennomfører eit av desse testregima, bør ein avstå frå kontakt med andre i 7 dagar.

Delvaksinerte blir anbefalt å testa seg så snart dei er informerte om at dei har vore i nærleiken av ein smitta person. Det held med ein test for denne gruppa og testinga kan enten gjerast med NAT/PCR-test eller hurtigtest ved teststasjon eller med sjølvtest. PCR blir sidestilt med hurtigtest og sjølvtest. Testen kan takast straks.

Fullvaksinerte eller personar som har gjennomgått covid-19 treng ikkje å testa seg.

Alle blir anbefalte å følgja nøye med på om ein utviklar luftvegssymptom i 10 dagar etter eksponering, og testa seg ved symptom.

Andre nærkontaktar

Uvaksinerte eller personar som ikkje har gjennomgått covid-19 siste 12 månader blir anbefalte å testa seg så snart dei er informerte om at dei har vore i nærleiken av ein smitta person. Det held med ein test for denne gruppa og testinga kan enten gjerast med NAT/PCR-test eller hurtigtest ved teststasjon eller med sjølvtest. PCR blir sidestilt med hurtigtest og sjølvtest. Testen kan du ta med ei gong.

Delvaksinerte, fullvaksinerte eller personar som har gjennomgått covid-19 treng ikkje å testa seg.

Alle blir anbefalte å følgja nøye med på om ein utviklar luftvegssymptom i 10 dagar etter eksponering, og testa seg ved symptom.

Ved høgt smittetrykk der kvar enkelt smitta har mange andre nærkontaktar, kan denne gruppa bli stor. Kommunen må sjølv kunna prioritera og avgjera i kva grad dei skal tilby sjølvtestar til desse.

Barn under 12 år

Når barn under 12 år er definerte som husstandsmedlemmer, tilsvarande nære eller andre nærkontaktar til ein smitta person, avgjer føresette om dei ønsker at barnet blir testa.

Illustrasjon: Råd til deg som er nærkontakt

Folkehelseinstituttet har laga ein illustrasjon med råd til nærkontaktar til smitta personar (fhi.no).

Råd til kommunane ved større utbrot

Bruk av meir tidsbegrenset jamleg testing (målretta mellombels jamleg testing) kan vurderast i utbrotssituasjonar, men bør avgrensast noko. Dersom det er større utbrot, vil massetesting av dei særleg smitteutsatte gruppene vera formålstenleg. Til dette formålet er sjølvtestar anbefalte testmetode. Personar som er fullvaksinert, delvaksinerte eller har gjennomgått covid-19 siste 12 månader skal ikkje delta i jamleg testing.

Testing ved utbrot blant barn og unge som ikkje er vaksinerte

Utbruddshåndtering vil vera nødvendig òg i nedjustert TISK og då spesielt relatert til grupper av barn og unge som ikkje er vaksinerte. Stort sett vil det vera tilstrekkeleg med målretta jamnleg testing i ein kortare periode. FHI har oppdaterte råd og rettleiing for jamnleg testing (fhi.no).

Ordninga med unntak frå smittekarantene ved testing for barn og unge under 18 år blir oppheva, sidan karanteneplikta blir fjerna.

Kommunane kan der det er naudsynt for å ha oversyn over utbreiing av smitta og smitteveggar oppjustera TISK.

Anna testing

Grensetesting og dessutan test for koronasertifikat av private aktørar blir vidareført inntil vidare.

Sjølvtestar

Mykje av testinga kan arrangerast som sjølvtesting slik at testkapasiteten i helsetenesta ikkje blir overbelasta.

I nedjustert TISK blir sidestilt PCR med hurtigtester og sjølvtestar. Sjølvtest blir spesielt anbefalt ved målretta jamnleg testing, og ved test av nærkontakt og husstandsmedlemmer og ved symptom. Ved test på klinisk indikasjon blir anbefalt PCR. Alle som har testa positivt på sjølvtest eller hurtigtest bør ta ein bekreftande PCR.

Kommunane bør tilrettelegga for at følgjande personar kan nytta sjølvtestar:

- Personar med symptom forenleg med covid-19
- Husstandsmedlemmer eller tilsvarande nære kontaktar
- Øvrige nærkontaktar
- Ved jamnleg testing

Det kan altså nyttast sjølvtestar ved alle dei nemnde indikasjonane, men indikasjon for bruk av PCR-test er sterkast for personar som testar seg på klinisk indikasjon.

Testkriterium for teststasjonane

Alle som blir anbefalte å testa seg jf. FHIs testkriterium bør ha moglegheit til å gjera dette ved ein kommunal teststasjon med PCR eller antigen hurtigtest. Ved kapasitetsutfordringar blir anbefalte følgjande prioritering:

- Personar som blir anbefalte test, men som av medisinske årsaker ikkje blir anbefalte å nytta sjølvtest
- Personer med symptom eller annan klinisk indikasjon
- Ikkje fullvaksinerte husstandsmedlemmer eller tilsvarande nære kontaktar
- Ikkje fullvaksinerte andre nærkontaktar
- Ved jamnleg testing
- Personer som får varsel i Smittestopp

Smittesporing

Nedjustert TISK inneber endringar i omfanget av kommunanes smittesporing.

Kommunens rutinemessige smittesporing blir først og fremst avgrensa til nærkontaktar som er husstandsmedlemmer og tilsvarande nære som er mest utsett for smitta, og som blir anbefalt å halda seg heime. Andre nærkontaktar blir varsla i hovudsak av indeks, dei som ikkje er fullvaksinerte eller som ikkje har hatt covid-19 siste 12 månader blir oppfordra til å la seg testa.

Isolasjon

Krav om isolasjon ved påvist smitta haldast oppe jamfør covid-19-forskriften. Sjå meir informasjon om opphevelse av isolasjon ved covid-19 (fhi.no).

Informasjon om 3. vaksinedose til menneske med alvorleg nedsett immunforsvar



Pasientar med dokumentert alvorleg svekka immunforsvar vil bli kalla inn til ein tredje dose med vaksinasjon mot Covid-19

Kven får den 3. dosen?

Pasientar med alvorleg svekka immunforsvar vil få tilbod om 3. vaksinedose.

Dei som ikkje har fastlege i kommunen, eller er under behandling i spesialisthelsetenesta må ha dokumentasjon på at dei kan få 3. dose.

Dei dette gjeld, kan kontakte Kjersti Plathe på tlf. 952 15 572.

Dette er:

Gruppe 1:

- organtransplanterte
- menneske med alvorleg og moderat primær immunsvikt
- dei som er i aktiv dialysebehandling og pasientar med kronisk nyresvikt stadium 5
- dei som har avansert eller ubehandla hiv-infeksjon

Gruppe 2:

- pasientar med pågåande betydeleg immundempande behandling av annan årsak
- kreftpasientar med aktiv eller nyleg gjennomgått immundempande behandling
- pasientar som av ansvarleg legespesialist blir vurdert til å ha svært nedsett immunforsvar, og som ikkje inngår i ei av gruppene ovafor

Innkalling

Legekontoret har ei oversikt over aktuelle pasientar, og Bygland kommune vil kalle inn alle som er aktuelle for den 3. dosen.

For meir informasjon: fhi.no

Koronasertifikat for ikkje-digitale brukarar

Koronasertifikatet er digitalt. Innbyggjarane får tilgang til det på Helsenorge.no. For dei som ikkje kan bruke det digitale sertifikatet har FHI



utvikla ein web-applikasjon som gjer det mogleg for sakshandsamarane ved Helfo å bistå ikkje-digitale brukarar som tar kontakt via telefon til informasjonstelefonen for korona.

Følgjande informasjon kan brukast i møte med ikkje-digitale brukarar. Vi understreker budskapet om at dei som kan bruke digitalt koronasertifikat, bør gjere det.

Du som ikkje kan bruke smarttelefon, PC eller nettbrett kan få tilsendt koronasertifikat i posten. Tenesta kan brukast om du er vaksinert eller immun etter gjennomgått covid-19.

Sertifikatet har to delar:

- Koronasertifikat for innanlands bruk
- Koronasertifikat for å passere grenser i EU- og EØS-området

Treng alle koronasertifikat?

Du treng ikkje koronasertifikat med mindre du skal ut og reise til land som krev koronasertifikat for innreise, for å unngå karantene når du reiser inn i Noreg, om du ønskjer å delta på større arrangement eller kystcruise med krav om koronasertifikat.

Ved å logge inn på <http://www.helsenorge.no> får du tiltang til ditt digitale koronasertifikat. Personar som ikkje kan bruke den digitale løysinga, kan bruke fullmaktsløysinga på Helsenorge for å få hjelp til å skrive ut eit, til ein kvar tid, gyldig koronasertifikat.

Ein kan og ta kontakt med Helfo for bistand til å få ei utskrift sendt heim til di folkeregistrerte adresse. Sjå meir informasjon under.

Det digitale koronasertifikatet på www.helsenorge.no blir oppdatert automatisk, og er gyldig i 90 dagar (til ei kvar tid). Du kan laste ned ditt digitale koronasertifikat til din mobiltelefon eller nettbrett. Det er ikkje naudsynt med utskrift av sertifikatet om du har dette digitalt. Om du likevel ønskjer ei utskrift, ber vi om at du ordnar dette sjølv.

Framgangsmåte for hjelp til ikkje-digitale innbyggjarar

1. Ha klart fødselsnummer eller d-nummer.
2. Ring informasjonstelefonen for korona:

- Opningstid kl. 08.00 – 15.00, måndag til fredag
- Frå Noreg: 815 55 015
- Frå utlandet: +47 21 89 80 42

Sakshandsamar vil be deg om ditt fødsels- eller d-nummer, og be deg opplyse om namnet ditt og di folkeregistrerte adresse. Om namnet og adressa di ikkje stemmer med det som blir vist i folkeregistrert adresse i vårt system, kan du diverre ikkje få tilsendt koronasertifikatet. Du må då kontakte folkeregisteret for å avklare kva som er registrert på deg. Om du har gyldig koronasertifikat, vil du få dette tilsendt pr. post.

Gyldigheitsdatoen er 90 dagar frå utskriftsdatoen.

Helse:

Influensavaksine

Bygland kommune startar influensavaksinerings i veke 44



Personar som er i målgruppa for vaksinerings kan møte i kommunestyresalen på kommunehuset mellom kl 10.00 og 14.00 den 2. november og 4. november. Dei treng ikkje timeavtale, men må rekne med litt ventetid.

Heimesjukepleien vaksinerer dei som har teneste frå heimesjukepleien. Personar som ikkje er i målgruppa må kontakte fastlege for resept.

Målgruppe for influensavaksinerings:

- Beboere i omsorgsbostader og sjukeheimar
- Alle frå fylte 65 år
- Gravide etter 12. svangerskapsveke (2. og 3. trimester). Gravide i 1. trimester med anna tilleggsrisiko skal også få tilbod om influensavaksine
- Prematurt fødte barn, særlig barn født før veke 32 i svangerskapet, frå 6 måneder til 5 år
- Barn og vaksne med:
 - kronisk lungesjukdom (inkludert astma)
 - kronisk hjarte-/karsjukdom (anna enn velregulert høgt blodtrykk), spesielt personar med alvorleg hjartesvikt, lågt minuttvolum eller pulmonal hypertensjon.
 - diabetes mellitus, type 1 og 2

- kronisk leversvikt
- kronisk nyresvikt
- kronisk neurologisk sjukdom eller skade, spesielt personar med nedsett lungekapasitet
- nedsett immunforsvar som følgje av sjukdom eller behandling av sjukdom (f.eks. organtransplanterte, kreft, HIV, reumatoid artritt og andre sjukdommer)
- svært alvorleg fedme (KMI over 40)
- anna alvorleg og/eller kronisk sjukdom der influensa utgjer ein alvorleg helserisiko, etter individuell vurdering av lege

Andre målgrupper

I tillegg anbefaler vi influensavaksine til følgjande grupper, primært for å beskytte andre (indirekte beskyttelse):

- Helsepersonell og andre tilsatte i helse- og omsorgstenesten som har nær kontakt med pasienter ved behandling eller pleie
- Personer som bur saman med (eller er tilsvarande nære) immunsupprimerte
- Svinerøktarar og andre som har regelmessig kontakt med levande griser

Dei som bur i ein anna kommune må kontakte kommunen dei bur i for gratis vaksine i risiko gruppe.

Har du fått luftvegssymptom?

FHI har laga to flytskjema som viser deg kva du skal gjere. Det eine viser vaksne og barn, medan det andre viser barn i barnehage- eller barneskolealder med luftvegssymptom



Sjå flytskjema

s. 15 for vaksne og barn og

s. 16. for barn i Barnehage- eller barneskolealder med luftvegssymptom

Barn i barnehage- eller barneskolealder med nyoppståtte luftveissymptomer

– når skal de skal være hjemme fra barnehage/skole, og når skal de testes for covid-19?

Barnet har de siste 24 timer fått hoste, sår hals eller tett nese.

Hvis barnet kun har rennende nese eller snørr og ellers er i fin form, kan barnet gå i barnehage/skole og trenger ikke testes for covid-19.

Dette gjelder også barn med kjent allergi.

Trenger barnet helsehjelp/legevurdering? Vurder ut fra disse punktene:

- nedsatt allmenntilstand¹
- anstrengt pust og/eller puster fortere enn vanlig når barnet er i ro
- bekymring for barnet
- feber² i kombinasjon med ett eller flere av punktene ovenfor

Generelt bør det være lavere terskel for å kontakte lege jo yngre barnet er.

NEI

Hold barnet hjemme fra barnehage/skole.

Barnet bør testes for covid-19.

Hvis barnet blir dårligere og/eller du er bekymret, kontakt fastlege eller legevakt.

Viser testen at barnet har covid-19?

JA

NEI

BARNET ER IKKE TESTET

Kommunen følger opp familien og eventuelle andre nær-kontakter

Har andre i husholdningen fått påvist covid-19?

JA

NEI

JA

Kontakt fastlege eller legevakt. I nødstilfeller, ring 113.

Barnet kan gå i barnehage/på skole når barnet er tilbake i sin vanlige form og er feberfri.

Restsymptomer som for eksempel snørr (uansett farge og tykkelse), heshet og/eller noe hoste er greit, og skal ikke hindre barnet i å gå i barnehage/på skole.

¹ Ikke i form, orker ikke vanlig lek og aktivitet. Slapphet, kvalme, muskelverk, frostrier, svimmelhet, svette, dårlig matlyst. Husk at små barn som ikke kan fortelle hvordan de har det, kan være utsette, klengete eller irritable.

² Temperatur over 38°C målt rektalt eller over 37,5°C målt i munnen, pannen eller under armen.

³ Som hovedregel gjelder dette barn som er 2 år og yngre, særlig barn i alderen 0–6 måneder.

LMT Setesdal: Frisklivstilbod i Setesdal

Kommunane i Setesdal har starta opp med frisklivs-, lærings- og meistringstilbod.

Kommunane har gått saman om tilbodet og

har utvikla kurs som blir arrangert i både øvre og nedre del av Setesdal. Kursa er gratis så lenge det ikkje er spesifisert noko anna:

LMT SETESDAL
LOKALMEDISINSKE
TJENESTER

Setesdalssamarbeid
Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes

KURS

Ernæring, kosthald og sjukdom

- Kva: Nettkurs for innbyggjarar i Setesdal.
- Når: torsdag 14.10.2021 kl. 19-21
- Kurshaldar: Ernæringsfysiolog Thomas Gordeladze
- Påmelding: Solveig Kyrvestad, solveig.b.kyrvestad@valle.kommune.no, telefon: 912 47 155

Bekymringsmestringskurs

- Kor: Digitalt kurs
- Oppstart 4. november 2021 kl. 18:00-20:30
- Påmeldingsfrist: **20.10.2021**

OM KURSET

Generelt om mat, Kosthald og sjukdom, Spørsmål



Har du bekymringstankar og opplever stress i kvardagen? Har du problemer med å slappe av og er plaga av angstsymptomar? Lider du av "flink pike"/"flink gutt"-syndromet? Då kan dette vere eit nyttig kurs for deg.

Kontaktinformasjon LMT Setesdal

Ellen Benum, telefon: 908 76 466, ellen.benum@e-h.kommune.no

Postadresse

LMT Setesdal - Evje og Hornnes kommune, Kasernevegen 19, 4735 Evje

For meir informasjon: www.e-h.kommune.no, telefon: 37 93 23 00

Nettbasert kurs for pårørende til personar med demens eller hukommelsesproblem

"Pårørendeskolen" er eit gratis kurstilbod til deg som har eit familiemedlem eller ein nær venn som har hukommelsesproblem el. kjent demenssjukdom

Kva inneheld kurset?

- Dei ulike demenssjukdomane v/lege Hallvard Mosdøl



- Tap, sorg og sorgreaksjonar hos personar med demens og deira pårørande
- Praktiske utfordringar i kvardagen - Tekniske hjelpemidlar Helse- og omsorgstenester. Kva finns og korleis søke om hjelp?
- Bruk av musikkbasert miljøbehandling
- Kommunikasjon og samhandling til personar med demens
- Vergeordning. Legalfullmakt. Framtidsfullmakt (Informasjonsfilm)

Praktiske opplysningar

4 digitale kurskveldar frå kl. 18.00 til ca. 19.30

Påmelding: Skann QR-koden som tek deg til eit påmeldingsskjema, ring eller send e-post til koordinator. Siste påmeldingsfrist: **17.10.21**

Namn: Signe Telhaug - koordinator i

Hukommelsesteamet, tlf.: 945 20 970

E-post: signe.telhaug@e-h.kommune.no

QR-kode for påmelding:



Plan og utvikling

Ope møte: Landbruk– og utmarksnæring

I samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel blir det invitert til temamøte med fokus på landbruk– og utmarksnæring i Bygland kulturscene **tysdag 12.10.2021 kl 18.00.**

Program:

1. Informasjon om rullering av kommuneplanen sin arealdel v/ prosjektleiar Sonja Lien Skjevraak.
2. Statsforvaltaren v/ Torfinn Vollan orienterer om «Garden som ressurs».
3. «Samarbeidsmodellar, planlegging og næringsutvikling på landbrukseigedomar og i utmark»
v/ Kjell Ove Solbakken i Norsk Turistutvikling AS (NTU – AS).
NTU – AS er eit av Noregs leiande kompetansemiljø innan reiseliv. Dei bistår reiselivsverksemdar, destinasjonar og offentlege aktørar med rådgjeving og gjennomfører analyser og vurderingar for å gi oppdragsgjevarane eit best mogleg grunnlag for å lukkast.
4. Status på Bleka og Bleka som framtidig ressurs v/ Fisk – og vassdragsforvaltar i Bygland kommune, Nils Børge Kile.

Me ønskjer alle velkomne



Innspel til kommuneplanen sin arealdel – forlenga frist til 1. november!

I samband med planlegging av ope møte med fokus på landbruk- og utmarksnæring i kommuneplanen sin arealdel, så vil vi gjerne engasjere eksterne bidragsytarar.



Møtet vert arrangert på Bygland kulturscene tysdag 12.10. kl. 18.00.

Det gjer at vi forlenger fristen for å kome med innspel til **1. november 2021**.

Skjema for innspel finn du på heimesida til Bygland kommune, eller du kan få det tilsendt ved å kontakte oss på e-post post@bygland.kommune.no eller tlf. 379 34 700.

Fristen for å kome med innspel til kommuneplanen sin arealdel har blitt utsett fleire gonger. Årsakene til det har vore fleire, men hovudmålet med å utsette fristen har vore at flest mogleg skal kunne delta på medverknadsmøta, og at møta skal inspirere til innspel som skaper eit godt samfunn for innbyggjarane og utvikling av kommunen.

Kvifor er medverknad viktig?

Medverknad er ein grunnleggande føresetnad i eit lokaldemokrati, og gir innbyggjarane sjanse til å delta og medverke til betre planløyisingar. Innbyggjarane si aktive rolle i plan- og avgjersleprosessen er viktig for å ta vare på felles verdiar og grunnleggande levekår i et berekraftig samfunn. Korleis medverknad i planlegginga blir tilrettelagt, er avgjerande for å sikre velfungerande og effektive planprosessar.

Utsmykking av rundkøyringa på Byglandsfjord

I samband med utbetring av rundkøyringa på Byglandsfjord kom det førespurnad frå Statens vegvesen om Bygland kommune ønska å utsmykke rundkøyringa. Det har kommunen takka ja til.



Bilete: Google Earth

Rundkøyringa er innfallsporten til kommunen, og vi ønskjer difor å invitere alle innbyggjarane til å kome med innspel, forslag og idear til motiv. Ei politisk samansett gruppe vil velje motiv ut i frå dei innkomne forslaga.

Gjennom ulike planarbeid i kommunen, er det sett på kva som er identiteten til Bygland. Når det gjeld Bygland sitt særpreg og eigenart er fjorden, heia, bleka, stasjonsområdet, samferdsel, folkemusikk og landbruket stikkord som er nemnt. Men de står fritt i val av tematikk.

Det er mogleg å kome med innspel via digitalt skjema på heimesida, via e-post eller pr brev. Send forslaget ditt til post@bygland.kommune.no eller Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland innan 22. oktober 2021.

Direktoratet for Byggkvalitet informerer: Webinar om gjennomføringsplan i byggesaker - 05.10. kl. 9.00 - 9.30

DIBK arrangerer eit webinar om gjennomføringsplan i byggesaker.



I webinarret går dei gjennom reglane for gjennomføringsplan, kva den skal innehalde og kva som er målet med planen.

Webinarret er gratis. Det er i utgongspunktet tilpassa byggesakshandsamarar i kommunen, men vil og kunne vere relevant for andre. For meir informasjon og påmelding: dibk.no

Drift og Forvaltning

Revisjon av konsesjonsvilkår

NVE har lagt ut revisjonsdokumentet for reguleringskonsesjonar i Otravassdraget til offentlig høyring. Bakgrunnen for dokumentet er krav frå kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand. Høyringsfrist er 1. desember 2021.

Meir om krav frå kommunane og revisjonsdokumentet finn de ved å gå inn på heimesida til NVE.



Bilete: Inge Olav Fjalestad

Kontaktpersonar

- Bygland kommune: Inge Olav Fjalestad, T: 37 93 53 51, E: inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE): Oda Bjærke, T: 22 95 98 51, E: odbj@nve.no

- Otteraaens Brugseierforening (OB): Grunde Johnsen, T: 37 93 67 06, E: grunde.johnsen@otrakraft.no

Oppvekst

**Bygland oppvekstsenter søker nye
tilkallings-/ringevikarar**
(sjå stillingsannonse s. 2)



I veke 40 er det haustferie!

Vi ønskjer alle

GOD FERIE!



Kultur

Setesdal E-bike

Setesdal sitt nye elsykkelsystemet vart opna 30.september kl. 13.00 på BUA i Bygland

Dei første 30 elsyklane til Setesdal E-bike blei utplassert på 7 stasjoner i kommunane Evje og Hornnes, Bygland og Valle.



Bilete: BUA Bygland

Syklane er knytt saman i eit digitalt nettverk og skal kunne brukast både av innbyggjarar og tilreisande. Syklane er gode og sterke bygdesyklar med god rekkevidde. Nettverket er levert av selskapet Sharebike AS som har utvikla en mobilapp og eit låsesystem som nyttast for å hente ut og levere inn syklane på de 7 stasjonane.

Prosjektet er gjennomført som eit samarbeid mellom kommunane og Setesdal Interkommunalt politisk råd (SIPR) og er også ein del av EU-prosjektet MARA som belyser mobilitet og framkomelegheit i rurale strøk. Syklar og system er finansiert av Klimasats og SIPR, og kommunane har ansvar for drift og vedlikehald.

Stasjonane er på desse stadane:

- Mineralparken – Hornnes
- Dølen Hotel – Evje
- Troll Aktiv – Syrtveit
- Revsnes Hotell – Byglandsfjord

- BUA Bygland – Bygland
- Sølvgården – Rysstad
- Bratt Friluftsliv – Valle

Etableringa av eit elsykkelsystem som dette er eit godt eksempel på samarbeid kommunane imellom. Mobilitet i vårt distrikt er viktig og det grønne skifte gjer at me må ta i bruk både teknologi og alternative transportmetoder. Eit elsykkelnettverk som dette vil gje innbyggjarane i kommunane ein god mogelegheit til å ta seg rundt på tettstadene eller andre utflukter i dalen på ein klimavennleg måte. At elsyklar vert tilgjengeleg for innbyggjarane gir også en mogelegheit for dei til å prøve korleis ein elsykkel fungerer, før dei eventuelt vel å skaffe seg ein slik sykkel sjølv.

For reiselivet i Setesdal betyr denne etableringa mykje. Den vil gi reiselivsbedrifter eit produkt som gir turistar nye mogelegheiter til å utforske vårt fantastiske reisemål og opplevinga ved å ferdast gjennom Setesdal på ein elsykkel er noko heilt anna enn i bilen.

Kilden Teater presenterer:

Sheherazade - og ordet som varte i 1001 natt

av Sarah Camille Ramin Osmundsen og Mine Nilay Yalcin - **laurdag 30. 10 kl. 14.00** på Bygland kulturscene



Bilete: Kilden Teater

Sheherazade – og ordet som varte i 1001 natt er historia om den unge og kloke jenta Sheherazade som evner å bruka ord på ein måte som ingen andre kan. Denne familieframsyinga baserer seg på Tusen og éi natt, ei samling eventyr frå India, Persia og Midtausten frå 800-talet. Sheherazade er ei dramatisk forteljing om overlevinga til ei ung kvinne. Gjennom sin ordkunst gjer ho ei dyster historie om til ein fabelaktig og inspirerande forteljing.

Sheherazade – og ordet som varte i 1001 natt er ei fortryllande framsyning for barn og vaksne om livet, fantasien og overlevinga. I framsyninga møter vi trollmenn og -kvinner, andar, drar, spøkelse og andre magiske vesen når Sheherazade gjer ordet til magi!

Rullering av handlingsdelen til kommunedelplan for Idrett, Friluftsliv-, fysisk aktivitet og kulturanlegg og Spelemidlar 2022



Dronebilete: Tor Ånon Kleivane

Det er eit krav frå Kulturdepartementet om at alle kommunane må ha ein tematisk kommunedelplan som grunnlag for løyving av spelemidlar til idretts-, nærmiljø og friluftsanlegg. Handlingsdelen i kommunedelplanen vart sist vedteken i desember 2020, av kommunestyret

Rullering av handlingsdelen til kommunedelplan for Idrett, Friluftsliv-, fysisk aktivitet og kulturanlegg

Handlingsdelen skal rullerast kvart år.

Det er viktig å sørge for medverknad i planprosessen. Kommunen ber difor lag og organisasjonar som har planar om å søkje om spelemidlar for 2022. om å opplyse kommunen skriftleg om dette.

Det er ikkje mogleg å søkje om spelemidlar i 2022, dersom ikkje prosjektet er med på denne planen.

Unntak:

- Orienteringskart
- Skilting/merking av eksisterande turveier tur/skiløyper/turstiar.
- Nærmiljøanlegg med kostnadsramme under 600.000 kr.

Fristen for skriftleg innspel er **20. oktober**.

Innspel kan sendast til:

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland

eller epost: post@bygland.kommune.no

Merk innspelet med: *Innspel til rullering av IFK plan/spelemidler 2022.*

Søknad om statlege tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet:

Idrettslag, burettslag og foreiningar kan søke om tilskot til bygging eller rehabilitering av idretts og nærmiljøanlegg.

Ein kan søkje om ordinære idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og til anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet.

Dersom du skal søkje om spelemidlar for 2022, gjer du dette elektronisk på anleggsregisteret.no.

Søknaden må vere sendt innan **1. november 2021**.

Spørsmål kan du retta til: Anne Fauske, Tlf: 945 10 770, epost: anne.fauske@bygland.kommune.no.

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester

- søndag 03.10. kl. 11.00, Sandnes kyrkje, Åraksbø
- søndag 17.10 kl. 16.00, Bygland kyrkje

Andakt i Byglandsheimen

- tysdag 12.10. og 26.10. kl. 14.00



Konfirmantundervisning

- onsdag 13.10. kl. 15.00, Vonheim bedehus
- onsdag 27.10. kl. 15.00, Vonheim bedehus

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post: post@bygland.frivilligsentral.no

Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook

Opne aktiviteter er:

- **BUA Bygland (tidligere Utstyrssentralen)**, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste og transport til og frå vaksinasjon**



<ul style="list-style-type: none"> • Seniorsenter – kvar måndag kl. 11.00 – 14.30, Pakkhuset på Byglandsfjord
<ul style="list-style-type: none"> • Tysdagskafé – annakvar tysdag kl. 12.00, Bygland frivilligsentral – neste: 19.10.
<ul style="list-style-type: none"> • Bingo - annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral – neste: 12. og 26.10.
<ul style="list-style-type: none"> • Styrketrening – torsdagar kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen OBS! Ferie 7. og 14. oktober!
<ul style="list-style-type: none"> • Strikkecafe – 1. og 3. torsdag i månaden, kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral
<ul style="list-style-type: none"> • Valfag Innsats for andre - samarbeid med Bygland Oppvekstsenter Kvar tysdag kl. 12.00-13.30. Oppdrag kan meldes inn på sms til 945 10 700. Der skriv du adresse og kva oppdraget er. (OBS! Haustferie i veke 40)

KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygdekinoen: laurdag 02.10. kl. 16.00 og kl. 18.00 (Merk! Annan dag og tid enn vanleg.)

kl. 16.00: Boss Baby

OMTALE

Frå DreamWorks Animation kjem oppfølgjaren til den Oscarnominerte suksessen frå 2017.

Brødrene Templeton har vorte vaksne, samtidig har dei vakse frå kvarandre. Tim er ein heimeverande familiefar, medan Ted har vorte ein velståande direktør i eit stort selskap. Brørne møter kvarandre att når hemmelege agentar frå BabyCorp treng dei, med ein heilt spesiell ny boss i spissen.

BILLETTPRIS: 100 kr

FILMFAKTA

Regi: Tom McGrath. Skodespelarar: James Marsden, Alec Baldwin, Amy Sedaris, Eva Longoria, Jimmy Kimmel, Lisa Kudrow. Sjanger: Animasjon. Nasjonalitet: USA. Lengde: 1t. 47min. Aldersgrense med grunngiving: 6 år. Fleire actionscener med enkelte dramatiske element, gjer at denne filmen får 6-årsgrense.



Kl. 18.00: James Bond: No Time To Die

OMTALE

Freden blir kortvarig når den gamle vennen hans Felix Leiter frå CIA dukkar opp og ber om hjelp. Oppdraget med å redde ein kidnappa forskar viser seg å vera langt meir risikabelt enn forventa, og leiar Bond på sporet av ein mystisk skurk væpna med farleg ny teknologi.

BILLETTPRIS: 120 kr.

FILMFAKTA

Regi: Cary Joji Fukunaga. Produksjonsår: 2019

Skodespelarar: Daniel Craig, Rami Malek, Christoph Waltz, Ralph Fiennes, Jeffrey Wright, Ana de Armas, Léa Seydoux, Naomie Harris, Lashana Lynch, Ben Whishaw.

Sjanger: Action /Thriller. Nasjonalitet: USA. Lengde: 2t. 43min.

Aldersgrense med grunngiving: 12 år.

Denne filmen inneheld fleire parti med sjangertypisk actionvold og drap. Då desse ikkje er nærgående skildra, får filmen aldersgrense 12 år



Bygland Filmklubb: søndag 17.10. Tema: Norsk film



kl 17.00:

Mannen som ikke kunne le (1968) med Rolv Wesenlund; alder: alle

Kl. 19.00: Orions belte (1985)

Norsk thriller, basert på romanen skrevet av Jon Michelet; alder 12 år



Tømekalender for Bygland kommune – oktober 2021

Papir og plast: veke 40: tysdag 05.10.

Matavfall og glass/metall: veke 40: torsdag 07.10.

Matavfall og restavfall: veke 42: torsdag 21.10.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (13.10.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (23.10.)

Šyrtveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (09.10.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 26:

Bilete: Framside: Hægekniplen av Knut Olav Forgard. Innhald (med mindre anna er spesifisert): Marit S. Kvaale, Susanne Hegenscheidt, pixabay.com, Anne Fauske. Red.nota: Malin Hegenscheidt. Kva skjer: Liv Elin Frøysnes Berg. Tusen takk til alle fotografane!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg
Byglandsnytt oktober kjem: 01.11.2021, frist for innspel 28.10.



Ymse

Bygland Mållag: 1. OKTOBER ER DEN STORE VERVEDAGEN! 🇳🇴

Som Noregs Mållag skriv: "Di fleire vi er, di sterkare står nynorsken"

Ved å sende SMS med kodeord NYNORSK til 2490, blir du medlem av mållaget. Du kan også ta direkte kontakt med oss, så ordnar me innmeldinga. Noregs Mållag deler her gode grunnar til å vere medlem:

KVIFOR NYNORSK?

Sigrid

"Nynorsk ligg nærmast opp til dialekten min, og er lett å skrive og lese"

Bli med i Noregs Mållag!
Send SMS med kodeord NYNORSK til 2490
(Berre 200,- ut 2022!)

KVIFOR NYNORSK?

Olav

"Nynorsk samsvarar med talemålet me har i Bygland"

Bli med i Noregs Mållag!
Send SMS med kodeord NYNORSK til 2490
(Berre 200,- ut 2022!)

KVIFOR NYNORSK?

Aud

"Ein bør halde på nynorsken fordi det gir sjølvtilitt å skrive målforma ein er vakse opp med."

Bli med i Noregs Mållag!
Send SMS med kodeord NYNORSK til 2490
(Berre 200,- ut 2022!)

KVIÐOR NYNORSK?

Inger
Tone

"Nynorsk er det eg kjenner meg heime i. Setesdal er ein dal der nynorsk er ein naturleg del av kvardagen."

Bli med i Noregs Mållag!
Send SMS med kodeord NYNORSK til 2490
(Berre 200,- ut 2022!)

KVIÐOR NYNORSK?

Knut

"Ikkje minst for ungane som veks opp her er det viktig at dei talar målet og ikkje føler det som "annanrangs"."

Bli med i Noregs Mållag!
Send SMS med kodeord NYNORSK til 2490
(Berre 200,- ut 2022!)

KVIÐOR NYNORSK?

Tonje

"Det er ganske artig å tenke på at heile det nynorske skriftspråket er konstruert med mål om å passe best til flest!"

Bli med i Noregs Mållag!
Send SMS med kodeord NYNORSK til 2490
(Berre 200,- ut 2022!)

KVIÐOR NYNORSK?

Sigr id

"Det er toft   skrive nynorsk. Ved   bruke m let kan du framst  som b de klok, truverdigg og interessant (Sj lv om det er langt fr  sanninga)."

Bli med i Noregs M llag!
Send SMS med kodeord NYNORSK til 2490
(Berre 200,- ut 2022!)

KVIÐOR NYNORSK?

Targeir

"Me har eit talem l i Bygland som for det meste er som nynorsk"

Bli med i Noregs M llag!
Send SMS med kodeord NYNORSK til 2490
(Berre 200,- ut 2022!)

KVIÐOR NYNORSK?

Leifsen

"Det er viktig   halde p  dialekten og   skrive "naturleg"."

Bli med i Noregs M llag!
Send SMS med kodeord NYNORSK til 2490
(Berre 200,- ut 2022!)

Stoga kafé

Lunskafé for næringsdrivande i Bygland - fredag

01.10./05.11 kl. 11.00-12.00

Avgrensa tal plassar. Initiativtakar: Olav Skeie, Ragnhild Sordal, Runar Granheim, Beate Simonstad (tlf.922 10 609) og Olav Grendstad (tlf. 906 65 459). Ved spørsmål ta kontakt med sistnemde.

Byglandsfjord - Basar i Årdalshallen,

laurdag 02.10. kl. 15.00

Sal av komper/pølser, kaffi/kake. Åresal og loddbøker. Andakt v/ Wenche Slimestad. Sang av Byglandsfjord Barnekor.

Landeskoen fredssenter – Trommar for fred, laurdag 02.10. kl. 18.00



TROMMER FOR FRED

2. OKTOBER kl 18:00 – LANDESKOEN PEACE CENTER

Vi feirer Mahatma Gandhis fødselsdag og trommer sammen med folk fra hele verden for verdensfreden

Trommelærer Saifa Abdi Haase holder minikurs i tromming
Det er trommer til alle

Trommingen filmes og legges ut på YOUTUBE
Arrangementet er åpent for alle



LANDESKOEN
Peace Center

Utstillingene og kaféen
er åpne fra kl 15:00



Stoga kafé presenterer: Arendals Dramatiske

Selskab: **Himmeltiden** av Bjørg Øygarden -

Stoga i Bygland, fredag 08.10. kl. 19.00

Kaféen er open frå kl. 18.30, billetter kr. 200 på tlf. 90 66 54 59, eller i døra



Bjoren Brygge

Kviss /Quiz, torsdag 14.10. kl. 19.00
på Brygga i Bygland

Vonheim bedehus, Bygland

Opne dører – I teneste for forfulgte kristne

- torsdag 14.10. kl. 19.00
Tale ved Helge Hollerud og Ole Lilleheim,
Vonheimkoret, kollekt. Arr. Normisjon
- fredag 29.10. kl. 19.00
Tale og song ved Edny og Ole Bjørn
Saltnes, enkel kveldsmat, kollekt. Arr. EE

Alle er hjarteleg velkomne!

Bygland bygdekvinnelag

Årsmøte, 25.10. kl. 19.00 i Pakkbua på
Byglandsfjord

Bygdekvinnelaget får besøk av Ingebjørg H.
Lidtveit som skal fortelje og vise bilete frå
pilgrimsvandringa ho hadde til Nidarosdomen i
sommar.



Bilete: Siri Johannessen



Bilete: Wikipedia

Valle i Setesdal: Sauesjå

Marknaden 2021

laurdag 2. oktober kl. 10.00-17.00

sundag 3. oktober kl. 11.00-16.00

**Velkomne til tradisjonell marknad
med lokal mat og landbruk i
sentrum!**

Mat, basar, utstillingar, aktivitetar
og underholdning

Arr. Valle sentrumsforening, Valle bygdekvinnelag og Valle sau og geit, i
samarbeid med Valle kommune





Kulturveka i Valle

15. - 24. oktober 2021

Fredag 15.10.

- Kl. 17.00. Basar på Broderheimen bedehus, Flateland
 Kl. 18.00. Utstillingsopning med Øyvind Jacob. Konsert ved kunstnaren Sæbyggjen
 Utstillinga er ope laurdag og sundag kl. 11.00-16.00
 Kl. 18.00. Viltaften på Solvgarden. Solvgarden hotell

Laurdag 16.10.

- Kl. 12.00 - 15.00. Strikk på mellomaldervis. Workshop med Tommy Olsson. Setesdalsmuseet
 Kl. 12.00 - 17.00. Ope atelier hos Kristin Brokke. Brokkevegen 130
 Kl. 18.00. Viltaften på Solvgarden. Solvgarden hotell

Sundag 17.10.

- Kl. 12.00 - 15.00. Familiedag på museet. Setesdalsmuseet
 Kl. 12.00 - 17.00. Ope atelier hos Kristin Brokke. Brokkevegen 130
 Kl. 17.00 - 18.00. Yoga for alle, gamle og unge. Hylestad soknehus
 Kl. 19.00. Pianokonsert med Øystein Kikut: «Jazz på svenska», Sæbyggjen

Måndag 18.10.

- Kl. 17.00. Foredrag med Kari Skår Dahl: «I fotefara til Thor Heyerdahl». Sæbyggjen

Tysdag 19.10.

- Kl. 15.00. Grautfestival. Sæbyggjen
 Kl. 18.00. Foredrag med Thor Gotaas: «Lofferane og taterane sine historier». Hylestad soknehus

Onsdag 20.10.

- Skuleframsyning med Jan Klevstad: «Gubben og katten». Valle og Hylestad barnehagar
 Kl. 13.00. Konsert med Torgny Monan. Valle bysdeheim, dagsenter
 Kl. 14.00- 16.00. Smikurs frå Den kulturelle skolesekken for elevar ved skulen. Setesdal vgs
 Kl. 18.00 - 21.00. Aktivitetskveld i Valle ungdomsklubb. Valle kultursenter, ungdomsklubben
 Kl. 19.00. Forfattarbesøk med Camilla Bokås. Valle bibliotek, Sæbyggjen

Torsdag 21.10.

- Kl. 17.00 og 19.00. Bygdekinno. Valle kultursenter, Storstoga
 Kl. 19.00. Foredrag med diakon Per Emanuelson. «Pilegrim i Setesdal». Sæbyggjen

Fredag 22.10.

- Kl. 17.00. Dokketeater: «Kyrkjerotene». Valle kyrkje
 Kl. 17.30 - 21.30. Kokkekurs for ungdomar 7.-10.kl. med August & Martin. Hylestad soknehus
 Kl. 19.00. Kulturelt & sosialt treff på Treungen grendehus

Laurdag 23.10.

- Kl. 13.00. Sprekleik. Valle stadion. Kl. 16.00: Foredrag med Olaf Tufte i idrettshallen
 Kl. 21.00. Folkemusikkpub. Solvgarden hotell

Sundag 24.10.

- Kl. 16.00. Gudsteneste med presentasjon av konfirmanter. Hylestad kyrkje
 Kl. 19.00. Foredrag med Rune Sævre: «Naturvern og kulturlandskap». Hylestad soknehus

Utstilling i Sæbyggjen heile kulturveka, open i biblioteket sine opningstider og laurdag og sundag

Billetter
betalar du med
vipps eller
kontant




Valle kommune



Valle Sparebank
- allstøtt med deg



HASLA | FOSSENSYLVI



Folkeakademiet
VALLE



KVA SKJER I BYGLAND?

Oktober 2021

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT (med atterhald om endringar)
fredag 01.10.	Stoga, Presteneset	11.00	Lunskafé for næringsdrivande
laurdag 02.10	Byglandsfjord	15.00	Basar i Årdalshallen
	Bygdekinoen	16.00	Boss Baby
		18.00	James Bond - No time to die
	Landeskogens Venner, LSK fredssenter	18.00	Trommar for fred
sundag 03.10.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	11.00	Gudsteneste
tysdag 05.10.	Byglad frivilligsentral, TrollAktiv		Actiontur for ungdom i ungdomsskulen
torsdag 07.10.	BygFri, Mineralparken	09.00	Draumedag med vener
fredag 08.10.	Stoga kafé, Arendal Dramatiske Selskab	19.00	Teater: Himmelstiden
tysdag 12.10.	Byglad kommune, Byglad kulturscene	18.00	Landbruk – og utmarks-næring i kommuneplanen sin arealdel - Ope møte
sundag 17.10.	Byglad kyrkje	16.00	Gudsteneste
	Byglad filmklubb, Byglad kulturscene	17.00	Mannen som ikkje kunne le
		19.00	Orions belte
laurdag 30.10.	Kilden Teater	14.00	Sheherazade - og ordet som varte i 1001 natt

For Byglad frivilligsentralen sine aktiviteter sjå s. 24 og 25